

## Retningslinjer. Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane

### Bakgrunnen for tilskotsordninga

Bakgrunnen for tilskotsordninga er å styrke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane gjennom å opprette ei eiga tilskotsordning for mindre, fysiske tiltak. Ordninga er forankra i gjeldane handlingsplan for trafikksikring for Hordaland.

Finansiering av mindre trafikkskringstiltak på fylkesvegnettet i Hordaland skjer i dag gjennom årlege, samla prioriteringar av investeringar i fylkesvegbudsjettet. Under programområdet "trafikksikring" vert ramma konkretisert gjennom ei rekkje mindre tiltak. Prioriteringar vert gjort på bakgrunn av samarbeid mellom Statens vegvesen og fylkeskommunen og dialog med kommunane. For tiltak i Bergen er det ein særskilt prosess gjennom Bergensprogrammet. Tiltak som er høgt prioriterte i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning.

I tillegg er det eit viktig prinsipp for trafikksikringsarbeidet at kunnskap om utfordringane sit på lokalt nivå i kommunane. Det er difor avgjerande å sikre ei best mogleg kopling mellom kommunane sitt arbeid med kommunale trafikksikringsplanar og prioriteringar i fylkeskommunale budsjett. Ei tilskotsordning som direkte koplar kommunane sitt behov og fylkeskommunale prioriteringar vil styrke samarbeidet mellom kommunalt og fylkeskommunalt trafikksikringsarbeid.

I handlingsplanen (side 20) er følgjande grunnleggjande kriteria lista opp:

- Ordninga vil vere basert på søknader frå dei enkelte kommunane til FTU.
- Tiltak må i utgangspunktet gjelde kommunal eller fylkeskommunal veg.
- Det vil vere krav om at kommunane har ei oppdatert trafikksikringsplan.
- Det vil vere krav om at tiltaka er planavklart eller eventuelt ikkje har behov for omfattande planavklaringar.
- Det vil vere krav om kommunal medfinansiering.

Ordninga vil ha ei årleg ramme på 1 mill kroner i handlingsplanperioden 2014-2017.

### Informasjon om tilskotsordninga

Fylkeskommunen sender brev til alle kommunane i fylket kvart år med informasjon om tilskotsordninga til mindre fysiske tiltak i kommunane. Det er utelukkande kommunar som kan søkje om tilskot til tiltak på kommunal eller fylkeskommunal veg, og søknaden skal sendast til fylkeskommunen innan nærmere fastsett frist. Det vert sett krav til eigenandel og dekking av meirforbruk/overskridinger. Ved kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadane. Ved søknad om tilskot til fleire tiltak frå ein kommune, må kommunen prioritere mellom tiltaka.

Dei konsultative medlemmene i FTU utarbeidar forslag til prioritering av tiltak. Saka vert deretter lagt fram for FTU.

### Kriteria for tildeling frå tilskotsordninga

Ordninga kan finansiere inntil 70 pst av godkjende kommunale og fylkeskommunale tiltak, og det vert krevd ein lokal eigenandel på minst 30 pst av tiltaket sin totale kostnad. Totalt kan ikkje tiltaket overskride 250.000 kr eks. mva. Forpliktande dokumentasjon på den lokale eigenandelen skal følgje søknaden.

Det vert lagt vekt på at tiltaka som søker delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnads-effektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit breidt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserar risikoien for møte- og utforkøringsulukker vert særleg vektlagt.

### Om søknadsprosessen

- Det skal søkjast på eige søknadsskjema.
- I søknaden skal det vere ein fagleg omtale av tiltaket det vert søkt til.
- Kostnader, finansieringsplan og framdriftsplan skal tydeleg gå fram av søknaden.
- Søknaden skal innehalde ei stadfesting på at ein eigeandel på minimum 30 pst vil verte innvilga.
- Oppdatert trafikksikringsplan skal leggjast ved elektronisk, evt link til nettstad der den er å finne. Tiltaket det vert søkt om midlar til skal vere ein del av denne planen.

På bakgrunn av vedtaket i FTU sender fylkeskommunen brev om tilsegn om tilskot til dei aktuelle kommunane. Tilsegnsbrevet skal innehalde følgjande:

- Melding om tiltaket som får tilskot. Dersom det er knytt særlege faglege eller tekniske krav til gjennomføringa av tiltaket skal dette presiserast.
- Storleiken på tilskotet, og krav til eigenandel. Tilskotsmottakar er ansvarleg for overskridinger på tiltaket utover kostnadsoverslaget i inngått avtale. Ved eventuell kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadene.
- Melding om tilsegnet si tidslengde (varighet). Dersom ikke tiltaket vert ferdigstilt, må kommunen senda melding ferdigstillingsdato (maksimalt til påfølgjande år).
- Tidspunkt for utbetaling av tilskot. Dersom stadfesting på eigenandel ikke er tilstrekkeleg avklart gjennom søknaden skal dette avklarast før utbetaling skjer.
- Plikt til tilskotsmottakar om å underrette fylkeskommunen dersom nokre av føresetnadene for gjennomføring (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig) ikke let seg gjennomføre etter føresetnadene.
- Krav til rapportering. Dokumentasjon av tiltaket og prosjektrekneskap.
- Atterhald om at fylkesrevisjonen kan setje iverk kontroll med at tilskotet er nytta slik som føresett.
- Dersom tilskotsmottakar gjev misvisande opplysningar eller ikke brukar tilskotet i samsvar med vilkåra vil tilskotet verte avkorta/inndrage.